



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/1274-5

## **Skriv og meldingar 19. september 2018 til hovudsamarbeidsutvalet**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

### **Meldesak 1) Status regionreforma**

Det blir fortløpende lagt ut informasjon om regionreforma på vårt [intranett](#). Nyhendebrev 3 av 21. juni er førebels det siste som er lagt ut. [Sjå «Treffpunkt Vestland» her.](#)

### **Meldesak 2) 40-timarskurset 2018**


Nytt grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap den 20. & 21. september + 4. & 5. oktober på Thon Skei Hotell i Jølster. Hovudmålgruppa for kurset er verneomboda/vara verneomboda og medlemmar/vara medlemmar i dei lokale arbeidsmiljøutval (LAMU) samt medlemmar/vara medlemmar i hovudsamarbeidsutvalet (HSU). Tilbodet omfattar også dei som tidlegare har gjennomført kurset og som ønskjer å "friske opp att" kunnskapane sine. I målgruppa er også deg med leiaransvar, jf. kravet i arbeidsmiljølova sin § 3-5 som peikar på den plikta arbeidsgjevar har til å gjennomgå opplæring i helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Som tidlegare har vi opna opp for at lærlingar på kontrakt i våre einingar får tilbod om å fullføre kurset. Slik opplæring er ikkje ein del av deira fagplan. Eg ber deg likevel vurder om at lærlingane i dykkar eining vert informerte om tilbodet og at opplæringsansvarleg legg til rette slik at dei kan delta på dette tilbodet. Kurstilbod et følgjer 2+2 modellen som inkluderer noko heimearbeid mellom samlingane. Den første kursdagen har eit rammeinnhald som vil tene som grunnlag for heile kurset. Her vil vi presentera dei aktuelle 8 HMT- lovene med tilhøyrande føresegner samt vår praksis for vår arbeidsmiljøtenking. Arbeidsmiljølova og forskrifter om systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid (internkontroll) vil få størst merksemd. Den andre dagen har fokus på organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø. I mellomperioden vil du få "heimelekse" som i hovudsak knyter seg til bruken av Portalen som kunnskapsbase for arbeidsmiljøspørsmål. Den tredje dagen har fokus på det fysiske arbeidsmiljøet. Her under ergonomi, inneklima, kjemisk arbeidsmiljø og brannvern. Siste kursdag har mykje fokus på praksis, der oppfølging av sjukefråvær og tilrettelegging på arbeidsplassen har fokus.

### **Meldesak 3) Reinhaldarseminaret 2018**

Reinhaldarane syter for bygningsvedlikehald, godt inneklima og retter feil og manglar i vårt arbeidsmiljø kvar einaste dag i sitt virke. Dei tilsette får gjennom desse seminara fagleg påfyll samt at det vert lagt vekt på at det også skal vere ei sosial samling. Som dei fleste gangane sida 1999 har vi vore samla på Alexandra Hotel i Loen. I år var vi også der samt ein luftetur til Hoven med gondolbane. Seminardagane var 6. og 7. september 2018.

Fylkeskommunen har no innkjøpssavtale med NorEngros på reinhaldsprodukter. Anne Mette Berne stilte med minimesse representert ved deira underleverandørar.



#### **Meldesak 4) Seniorsamling KLP og SPK**

Seinkarrierekurs, sjå [Portalen](#) for seniortiltak. Vi tilbyr også i år dagskurs for høvesvis KLP og SPK sine medlemmar arrangert og betalt av sentrale midlar. Frm-personal lagar innhaldet saman med pensjonskassane KLP/SPK og eventuelt NAV med følgjande innhald:

- ✓ Motivasjon – arbeidspsykologisk vinkling
- ✓ AFP/KLP informasjon - faktabasert
- ✓ Din pensjon – kroner og ører
- ✓ Eventuelt supplere kurset med relevant faglitteratur

Vi organiserer "ein til ein samtalar/konsultasjonar" for dei av våre medarbeidarar som ønskjer dette. Datoane er ikkje stadfesta i skrivande stund. Møtestaden ver Thon Jølster Hotel på Skei.

#### **Meldesak 5) Introduksjonssamling for nytilsette**

Vi samla nytilsette i alle delar av fylkeskommunen på Fylkeshuset tysdag 6. november. Der får dei ei innføring i arbeidsfelta og samfunnsrolla til fylkeskommunen. Leiarar frå alle sektorane deltek på samlinga og presenterer sektorane sine. Slik får nye kollegaer eit innblikk i alle delar av fylkeskommunen. Samlinga er også ein stad for å bli kjend med kollegaer frå andre fylkeskommunale einingar.

#### **Meldesak 6) HMT-dag om psykososialt arbeidsmiljø**

Vi tilbyr no dagskurs i psykososialt arbeidsmiljø. Tilbodet vert gjennomført av Stamina som leverer bedriftshelsetenester til Sogn og Fjordane Fylkeskommune. I målgruppa er leiarar, medlemmar i LAMU og verneomboda. Vi ser helst at eininga deltek med representantar frå heile målgruppa. Kurset er gratis for deg då dette er innafor ramma av sentrale leveransar av bedriftshelsetenester. Bruk høve til å få relevant oppdatering på eit viktig fagfelt.

I år har vi fokus på det psykososiale arbeidet på HMT dagen. Vi ser på kva faktorar som påverkar det psykososiale arbeidsmiljøet og korleis arbeidsgjevar kan jobbe systematisk for å skape eit godt arbeidsmiljø. Under emna «Mobbing og trakkassering i arbeidslivet» og «Vold og truslar» ser vi på kostnadane det kan få for den enkelte og for arbeidsgjevar dersom det psykososiale arbeidsmiljøet ikkje er forsvarleg. Vi avsluttar dagen med ein sesjon om korleis arbeidsgjevar kan handtere ein konflikt som har oppstått på arbeidsplassen slik at saksbehandlinga er i samsvar med arbeidsmiljølova.

Det er sett opp tre kursdagar slik:

SOGN - Quality Sogndal Hotel mandag 22.10. 2018 kl. 9.00 til 15.00 - påmeldingsfrist 20. september til bhtsognogfjordane@staminagroup.no /eller på tlf. 415 12373

NORDFJORD - Scandic Nordfjord (Eid) torsdag 25.10.2018 kl. 9.00 til 15.00 - påmeldingsfrist 20. september til bhtsognogfjordane@staminagroup.no /eller på tlf. 415 12373.

SUNNFJORD - Thon Hotel Førde onsdag 3.10. 2018 kl. 9.00 til 15.00 - påmeldingsfrist 20. september til bhtsognogfjordane@staminagroup.no /eller på tlf. 415 12373.

### **Meldesak 7) IA-dagen 27. september 2018**

GRATULERER – Fylkeskommunen Tannhelsetenesta er ein av tre nominerte bedrifter til eldsjelprisen 2018. IA – Rådet i Sogn og Fjordane er ansvarleg for denne prisen og vinnaren vert kåra på IA-dagen 27. september på Sunnfjord Hotell i Førde. Tannhelsetenesta er blitt nominert med følgande grunngjeving:

#### *Inkludering*

*Dei har i samarbeid med Nav inngått avtale om utdanningsforløp for flyktningar til å kunne bli tannhelsesekretærar. Dei har per no 13 personar på praksis rundt om i kontora.  
I tillegg nyttar dei NAV til rekruttering av tannlegeassistentar.*

Dei to andre bedriftene som er nominert er:

- AS Nesseplast
- Brødrene Aa

Meir om IA-dagen finn du her som nyhende på vår [Portal](#).

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)